

Landbruk i Verdiskapingsplanen - oppsummering etter høyringa

08.03.2016

Status - kor godt innblikk får du av kva landbruket står for i Sogn og Fjordane (1-6 max)

Snitt: 4,9

| | Val | Innspel | Vurdering |
|---------------------------|------------|--|------------------|
| SFj Bondelag | 6 | Kortfatta og lefftattelege informasjon som er godt illustrert | |
| Askvoll kommune | 4 | | |
| Førde kommune | 5 | Forklarings til dei ulike "kakediagramma" på side 4 og 5 kjem ikkje klart nok fram i utskriven versjon. | Kontrast |
| Hornindal | 4 | Representerer Hornindal kommune, Hornindal Bondelag og Tine Produsentlag Hornindal | |
| Hyllestad kommune | 5 | Har litt vanskar med språkbruken i Figur 3. Leigekøyring, utleige og turisme er vel tenesteyting? Og ved og juletre/pyntegrønt er vel vareproduksjon? Om det hadde stått "Anna tenesteyting" 8,2 og "Annan vareproduksjon" 5,6 nede til høgre i figuren, hadde eg forstått det betre. Og kva er "Anna" 1,6 på toppen av figuren, som verken er vareproduksjon eller tenesteyting? Dessutan: Er det nokon grunn til å skilje vareproduksjon frå skogen ut frå primærlandbruket og kalle det tilleggsnæring? | Endra |
| Leikanger k | 5 | | |
| Selje kommune | 5 | | |
| Njøs Nærings-utvikling AS | 5 | | |
| Sognabær | 5 | | |
| Nortura | 5 | | |
| SFj 4H | 5 | | |
| Elevrådet Mojo | 5 | | |

Auka verdiskaping og sysselsetting i landbruket - vel ut tre satsingsområde

- | | |
|--|--------|
| A. Omstilling og utvikling i primærproduksjonen | 8 stk |
| B. Verdikjeder med marknadspotensiale | 8 stk |
| C. Landbruksbasert tenesteproduksjon | 1 stk |
| D. Rekruttering til landbruket | 10 stk |
| E. Heilårs sysselsetting – frå sesongarbeidar til innbyggjar | 1 stk |
| F. Eigedomsoverdraging og fritidsbustader | 0 stk |
| G. Samordna FoU-innsats | 1 stk |
| H. Kompetanse og rådgjeving | 7 stk |
| I. Nasjonale styresmakter og nasjonal politikk | 0 stk |
| J. Regional bruk av nasjonale støtteordningar | 0 stk |

| | Val | Andre innspel | Vurderingar |
|-------------------|------------|---|--------------------|
| SFj Bondelag | B, D, H | I botn må ligge punkt 4 nasjonale rammevilkår som sikrar tollvern, marknadsordningar og produksjonsøkonomi. Utan dette i botn vil det vere vanskeleg å nå auka sysselsetjing og verdiskaping i landbruket i fylket. | |
| Askvoll kommune | A, B, D | | |
| Førde kommune | A, B, D | Kap 2.3 Eigedomsoverdraging: For å rekruttere folk til ei bygd bør ein ha fokus på å nytte fråskilde tun til heilårsbustader i større grad enn fritidsbustader, sjå under tabell s. 12. | Endra |
| Hornindal | A, D, H | | |
| Hyllestad kommune | A, B, D | Trur nasjonale rammevilkår er avgjerande for å nå nemnde mål. Vilkåra må vere utforma slik at dei ivaretak "dei mange små" framfor "dei store få". På den måten vil ein også ta best omsyn til ulikskapane mellom landsdelane. Ein god strukturprofil på nasjonale ordningar er ei betre løysing enn "Vestlands-pakkar", "Nord-Norge-pakkar" o.l. På den måten vil ein støtte dei små brukua uansett kor i landet dei er og samtidig støtte dei landsdelane som har flest små bruk (les: Vestlandet/ Sogn og Fjordane). | |
| Leikanger k | D, G, H | | |
| Selje kommune | A, D, H | | |

| | | | |
|--------------------------|---------|---|--|
| Njøs Næringsutvikling AS | B, D, H | | |
| Sognabær | A, B, C | | |
| Nortura | A, B, E | Regional bruk av nasjonale støtteordningar er viktig for Sogn og Fjordane. Det største marknadspotensialet av husdyrprodukt er i dag på storfe. Markedet kan kun dekkast opp gjennom auke i ammekuproduksjonen og framforingsplassar for kalv | |
| SFj 4H | B, D, H | | |
| Elevrådet MoJo | A, D, H | | |

Pkt 1.1 Omstilling og utvikling i primærproduksjonen – vel to delmål for å nå hovudmålet om auka lokal verdiskaping

- A. Omstilling til lausdrift i mjølkeproduksjonen 9 stk
- B. Innovasjon i sauehaldet og i ammeku 8 stk
- C. Auke i lokal produksjon av grovfôr 4 stk
- D. Auke i lokale produksjon til foredlingsindustrien 2 stk

| Kven | Tre delmål | Område du saknar eller andre innspel | Vurdering |
|--------------|------------|---|--|
| SFj Bondelag | A, B | Dei 4 elementa heng tett saman, og styret i Bondelaget fann det vanskeleg å velje berre to av dei grunna det. Klarar vi overgangen frå båsfjøs til lausdrift, samt ei vidare fornying på småfe og auke i tal ammekyr så vil det vere grunnlag for å kunne auke produksjonen til foredlingsindustrien. Større mengde og betre kvalitet på grovfôr er også avgjerande for å kunne utvikle husdyrhaldet. I betre utnytting av utmarksressursane ligg også eit potensiale for auka verdiskaping. Forvaltning av nasjonal rovviltpolitikk i region 1 og region 3 vil vere avgjerande for i kva grad verdiskapinga med utgangspunkt i utmarksbeita i Indre deler av fylket kan aukast. Fylkeskommunen har ei rolle gjennom sine representantar i rovviltnemnda. Fylkeskommunen har også høve til politisk påverknad og uttaler, som kan vere med å sikre region 1 som beiteprioritert område. | Har tatt inn nytt punkt om rovvilt under pkt 4.1 |

| | | | |
|--------------------------|------|--|--|
| Askvoll kommune | A, B | Oppdrett av laks i mindre målestokk når produktet vert vidareforelda på eigedomen | Oppdrett i saltvatn ligg utafor det som vert definert som landbruk |
| Førde kommune | A, B | | |
| Hornindal | A, C | Delmål: «Omstilling til lausdrift i mjølkeproduksjon» Hovuddelen av mjølkeproduksjonen i Hornindal skjer på bruk med mellom 100- 200 tonn i kvote. Det er viktig at det blir lagt til rette for at bruk av denne storleiken kan ha grunnlag for nyinvestering og tilpassing av produksjon som er i samsvar med framtidig regelverk om lausdrift m.v. Delmål: «Auka lokal produksjon av grovfôr» Det er, og ligg føre, store investeringar innan mjølkeproduksjon i Hornindal. For å auke produksjonen av grovfôr ser vi behovet ei økonomisk støtteordning innan nydyrkning som kan stimulere til meir grovfôrareal. | |
| Hyllestad kommune | A, B | | |
| Leikanger kommune | B, D | | |
| Selje kommune | A, B | | |
| Njøs Næringsutvikling AS | B, C | | |
| Sognabær | D | | |
| Nortura | A, B | Viktig at Sogn og Fjordane opprettheld, eller aukar, sin del av landets griseproduksjon. Denne produksjonen gjev jamn sysselsetting i industrien (fast ansatte) og har stor verdiskaping. Derfor bør det løvvast invisteringsmidlar til fleire grisehus. | Det er ope for å søkje IBU-midlar til grisehus |
| SFj 4H | A, C | | |
| Elevrådet MoJo | A, C | | |

Pkt 1.2 Verdikjeder med marknadspotensiale – vel to delmål for å nå hovudmålet om auka lokale verdiskaping

- | | |
|---|-------|
| A. Auka verdiskaping frå skogen | 4 stk |
| B. Auke produksjon av bringebær, jordbær, morellar, eple, plomme og pære | 9 stk |
| C. Innovasjon i hagebruket | 3 stk |
| D. Auka omsetning og sysselsetting i bedrifter med lokal foredling av mat | 5 stk |

| | To delmål | Noko du saknar eller har du andre innspel | Vurdering |
|--------------------------|------------------|--|--|
| SFj Bondelag | A, B | Når det gjeld hagebruket, vil også innovasjon og fornying og modernisering av til dømes eplehagar vere viktig (nye plantemetodar). Det er også eit potensiale knytt til auke i produksjon av storfekkjøt. Saknar: Styrke gründerkompetansen - opplæring i gründerverksemd | Ammeku er tatt med i pkt 1.1 Gründerarbeidet er ein del av FK sitt ordinære arbeid med næringsutvikling |
| Førde kommune | A, B | Andelslandbruk | |
| Hornindal | D | | |
| Hyllestad kommune | B, D | | |
| Leikanger kommune | B, C | | |
| Selje kommune | B, D | | |
| Njøs Næringsutvikling AS | A, C | | |
| Sognabær | B, C | | |
| Nortura | A, B | | |
| SFj 4H | B, D | | |
| Elevrådet MoJo | B, D | | |

Pkt 2. Rekruttering til landbruket – vel tre delmål for auke i tal arbeidsplassar og folketal i aktive landbruksbygder

- A. Gje tilbod om næringsretta vidaregåande opplæring for ungdom
- B. Gje tilbod om fagopplæring for vaksne
- C. Sikre arbeidshjelp ved sjukdom, ferie og arbeidstoppar
- D. Skaffe meir kunnskap om sesongarbeidarar og utarbeide ein strategi for rekruttering og integrering
- E. Medverke til at fleire får kjøpe gardsbruk
- F. Styrke tenestetilbodet gjennom fleire fritidsbustader

| Kven | Tre delmål | Innspel | Vurdering |
|---------------------------|---------------|--|-----------|
| SFj Bondelag | A, B, E | Det viktigaste vil vere å legge til rette for at yngre personar som ynskjer å busetje seg i bygdene får kjøpe landbrukseigedommar. Skattefritak ved omsetjing av landbrukseigedom vil vere eit godt tiltak. Streng praktisering av buplikt. Prosjekt der personar som sel landbrukseigedom kan få gratis hyttetomt som ein del av salet. | |
| Askvoll k | A, C, E | Vilkåret for å oppretthalde landbruksnäringa er at vi har attraktive og levande bygdesamfunn. Ein samordna plan som er integrert i kommuneøkonomien for korleis bygdesamfunna og dertil landbruksnäringa skal oppretthaldast.. | |
| Førde k | A,B, E | | |
| Hornindal | A, C, D | | |
| Hyllestad k | A, C, E | | |
| Leikanger k | A, B | andre tilbod i nærområdet -t.d. kultur. | |
| Selje k | C, D, E | | |
| Njøs Nærings-utvikling AS | A, B, E | Gode informasjonstiltak, mediadekning. Tidleg inn i skule med informasjon | |
| Sognabær | A, E, F | | |
| Nortura | A, B, C | | |
| SFj 4H | A, C, D | | |
| Elevrådet MoJo | A, B, C | Har du spesielle framlegg for å få unge til å satse på landbruket? Økonomien må bli betre. | |

Pkt 3. Forsking, utvikling og innovasjon – vel ut tre delmål for samordna innsats for å løyse utfordringar og utvikle lønsame produksjonar

- a. Samordna innsats for auka bruk av FoU
- b. Aktiv bruk av Regionalt Forskingsfond Vestlandet (RFF)
- c. Merkevarebygging
- d. Sikre ei god rådgjevingsteneste til primærprodusentane
- e. Utvikle dei gode faglege møteplassane
- f. Gje tilbod om fadderordning for nye bønder
- g. Sikre vidare drifta av lokale og regionale FoU-miljø

| | Tre delmål | Innspel | Vurdering |
|---------------------------|-------------------|--|------------------|
| SF Bondelag | A, D, G | Prosjektet som er starta opp i regi av Samarbeidsrådet for Hordaland og Sogn og Fjordane bør omtalast. Der er tilsett ein forskingsmeklar som skal jobbe med å få fram gode forskingsprosjekt som kan medverke til å utvikle landbruket i dei to fylka. Prosjektleiarene starta opp sitt arbeid den 1. januar i år. | Tatt inn |
| Askvoll kommune | C, D, E | | |
| Førde kommune | C, D, G | | |
| Hornindal | D, E, F | | |
| Hyllestad k | B, C, G | | |
| Leikanger k | D, E, G | | |
| Selje kommune | B, D, F | | |
| Njøs Nærings-utvikling AS | A, D, G | Eg tykkjer det står litt lite om infrastruktur, som er svært viktig, og burde vore løfta høgare opp. Det er viktig at institusjonane får berekraftige vilkår. Både Nibio Fureneset og Njøs næringsutvikling (NNU) er skjøre miljø som fort kan forvitra. Det burde vore noko meir tankar om dette. Berre NIBIO er godkjent forskingsinstitusjon i NFR. NNU er ikkje det, og har ein lågare status. Evt. ny FoU-organisering i fylket kunne vore eit tema, då Sogn og Fjordane er svært svake på FoU jamført med andre fylke. | Tatt inn |
| Sognabær | C, D, F | | |
| Nortura | A, B, D | | |
| SFj 4H | A, D, E | | |
| Elevrådet MoJo | D, E, F | | |

4.1 Nasjonale rammevilkår – di vurdering av framlegg i avsnitt 4.1 «Nasjonale styresmakter og nasjonal politikk»

| | | Innspel | Vurdering |
|---------------------------|--|---|--------------------------------|
| SFj Bondelag | | God ordlyd, men står att noko i å få dialogen mellom næringa og fylkeskommunen inn i fastare former. Gjerne med eit møte mellom administrasjonen og fylkesutvalet i førekant av fråseguna til jordbruksoppgjeret. Saknar eit punkt om rovviltpolitikken der fylkeskommunen har ei formell rolle gjennom representasjon i rovviltnemnda for region 1. Framlegg til nytt punkt: Mål: Sikre Sogn og Fjordane som eit beiteprioritert området Strategi: Arbeide for å få oppretta ei buffersone mot rovviltområda i region 3. Arbeide for effektivt uttak av rovvilt før kvar beitesesong tek til | Punktet om rovvilt er tatt inn |
| Førde kommune | | Samd med framlegget, vi stør opp om det som kjem fram i avsnitt 4.1 | |
| Hyllestad kommune | | Godt utgangspunkt. Igjen: Nasjonale ordningar som tek omsyn til regionale ulikskapar (bruksstruktur, klima, landskap o.l.)! Det er ikkje talet på inntekts- og støtteordningar som er det viktige, men totalramma og fordelingsmekanismene i ordningane. | |
| Leikanger kommune | | Dette sluttar vi oss til | |
| Selje kommune | | Viktig med overgangsordning/unntak for lausdrift for alle kyr frå 2024 | |
| Njøs Nærings-utvikling AS | | ok | |
| Nortura | | Prioriteringane som er gjort er riktig. Vi meiner dei viktigaste strategiane er kome med. | |

4.2 Nasjonale rammevilkår – di vurdering av framlegg i avsnitt 4.2 «Regional bruk av nasjonale støtteordningar»

| | | Innspel | Vurdering |
|--------------------------|--|--|-----------|
| Førde kommune | | Vi er samd med strategien | |
| Hyllestad kommune | | Bra | |
| Leikanger kommune | | Jamstille landbruk med andre næringar i kommunen m.h.t. støtte frå næringsfond | |
| Njøs Næringsutvikling AS | | ok | |

9. Nasjonale rammevilkår - er det tema du saknar eller har du andre innspel

| | | Innspel | Vurdering |
|---------------|--|---|-----------|
| SFj Bondelag | | Omtale av bærebjelkane i landbrukspolitikken: Tollvern og marknadsordningar i tillegg til verkemidlane over jordbruksoppgeret. I botn må ligge punkt 4 nasjonale rammevilkår som sikrar tollvern, marknadsordningar og produksjonsøkonomi. Utan dette i botn vil det vere vanskeleg å nå auka sysselsetjing og verdiskaping i landbruket i fylket.e | |
| Førde kommune | | Planen har etter vår syn med dei viktigaste moment/område som gjeld vidareutvikling av landbruket i fylket. | |
| Nortura | | Det er behov for auke i kompetansen i ammekuproduksjonen (som har størst vekstpotensiale). Landbruksskulane bør utvikle meir kompetanse på slik produksjon. | |

10. Oppsummert - Er det noko du saknar ved planen, eller noko du ser særleg nøgd med

| | Saknar | Særleg nøgd med | |
|--------------------------|--------|---|--|
| SFj Bondelag | | Godt nøgd med at fylkeskommunen set fokus på landbruket sine høve til utvikling i eit eige dokument | |
| Hyllestad kommune | | Saknar ikkje noko særleg. Jamt over ein god plan | |
| Leikanger kommune | | Planen er god og gjennomarbeidd. Får godt fram dei regionale utfordringane i Sogn og Fjordane | |
| Njøs Næringsutvikling AS | | Synest den er bra dekkande. Litt lite om kompetansekrav på mange område for å vera bonde. Mange trur det er lett, men å vera bonde er å kunna mange ting både om biologi, kjemi, teknikk, økonomi, osb. | |

11. På kva område trur du vi vil sjå vekstområde i landbruket eller landbruksstilknytte næringar framover

| | Innspel | Vurdering |
|-----------------|---|-----------|
| SFj Bondelag | <ul style="list-style-type: none"> • Ammeku og storfekjøt • Tenesteyting • Hagebruk – fornying, utviding, innovasjon • Skog – trevikre, og i klimaperspektiv | |
| Askvoll kommune | Direktesal til forbrukar kan auke lønnsemada på mindre gardsbruk. | |
| Førde kommune | Generelt meiner vi at landbruket vil styrke sin posisjon i næringslivet i fylket. Sluttavvirking av skog vil auke monaleg i tida framover. Sikring av eigen matproduksjon vil kreve auke i produksjonsvolum. Etter vårt syn er det størst potensiale i unytta ressursar knytt til utmarksbeite. Vidare trur vi også på ein auke i frukt og grønt, samt utmarksbaserte tenester. | |
| Leikanger | <ul style="list-style-type: none"> • Frukt og bær | |

| | | |
|--------------------------------|---|--|
| komune | <ul style="list-style-type: none"> • Turime | |
| Njøs Næringsutvikling AS | <ul style="list-style-type: none"> • Frukt og bær • Kjøtproduksjon av storfe • Skog og utmarksmæring | |
| Nortura | <ul style="list-style-type: none"> • Storfekjøtproduksjon (ammeku) • Bær- og frukt | |

12. Kor nøgd er du med å gje høyringsfråsegn elektronisk

Snitt: 5,2

| | Skala 1-6 (max) |
|--------------------------|-----------------|
| SFj Bondelag | 4 |
| Førde kommune | 6 |
| Hornindal | 3 |
| Hyllestad kommune | 6 |
| Leikanger kommune | 6 |
| Selje kommune | 5 |
| Njøs Næringsutvikling AS | 6 |
| Sognabær | 4 |
| Nortura | 6 |
| SFj 4H | 6 |
| Elevrådet MoJo | 5 |